

# Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit 13- 14 januar 2011

## Tilstades:

Eva Høydal  
Halvar Espeseth  
Lars Nesse  
Mirjam Friberg  
Lene Engvik Rasch

Ragnhild Sæle (kasserar, tilstades når rekneskap blir gjennomgått.)

## Sak1/12: Referat og meldingar

- **Rovdyr:** Lars var på møte i kontaktutvalet 11.01. Her blei det konkludert med at når det gjaldt rovdyr hadde ein relativt god kontroll. Det er andre faktorar som fører til dei største tapa no.

## Sak 2/12: Planlegging av årsmøtet 17,18 februar

På førre styremøte blei me einige om å prøve å få inn Arne Flåøyen frå Mattilsynet som foredragshaldar. Han anbefalte Helene Wisløff i staden, og ho har sagt seg villig til å halde foredrag på fredagen. Halvar ringer ho på måndag og avtalar når ho kan møte. Lene skriv oppdatert program, og sender innbyding til lokallagsleiarane, æresmedlem m.fl. så snart som mogleg. Det blir nokre endringar i tidspunkta i programmet, men same innhald.

Det har kome innspel på at årsmeldinga i fjor blei gjennomgått altfor fort. Difor skal no dei som har skrive dei ulike delane gå igjennom desse.

## Sak 3/12: Planlegging av årsmelding

Eva har ikkje fått svar frå nokon av dei ho sende annonse førespurnad frå endå. Lars har fått inn ein del av det som skal med i den samla årsmeldinga. Lene fekk innspel/tilbakemeldingar på kva som skal vere med i årsmeldinga frå styret. Halvar undersøker vidare kva for trykkjeri det lønnar seg å bruke.

## **Sak 4/11: Regnskap**

Kasserar la fram regnskapen. Det var eit årsoverskot på 19289 kr i 2011. Styret føreslår at overskotet vert lagt til den frie eigenkapitalen i laget.

## **Sak 5/ 11: Budsjett**

Styret sette opp budsjett for 2012.

## **Sak 6/12: Ymse**

- **Æresmedlem:** Viksdalen Sau og Geit ynskjer å heidre Leiv Tormodset ved å gjere han til æresmedlem i laget. Me går inn for dette. Lene sender vedtak om dette til NSG sentralt.
- **Personalsak:** NM i gjetarhund 2011.

-sign-

Sekretær: Lene Engvik Rasch